

Rydding langs elva og på Stemneplassen.

08.02.2017



Torgeir Feet ryddar skog og kratt på Stemneplassen.

Ryddinga langs elva og på Stemneplassen er godt i gang. Grunneigar Svein Sjo ryddar på deira areale langs elva på Nedre Fet. Torgeir Feet ryddar på Stemneplassen, i eit samarbeid med styret i Uskedal Friluftslag. Arbeidet er ein del av satsinga på utsiktsrydding i sentrum.



Ryddinga langs elva på Nedre Fet er alt godt synleg. Bilete syner grunneigar Svein Sjo i arbeid med motorsaga.

Arbeidet har kome i gang etter eit møte i Uskedal utvikling der grunneigarane, Uskedal bondelag, Elveigarlaget og Landbrukskontoret var med. Målsetjinga er å rydda langs elva frå elvosen til eit stykke ovom Uskedal bru.

Arbeidet med hogst på Stemneplassen starta for nokre år sidan. Det vert mellom anna gjort for å få meir lys og sol inn på plassen og på den måten hindra fukt og gjera plassen meir triveleg som friluftsområde. Ryddinga held fram opp mot Skårhaug, toppen som har fin utsikt i alle retningar, både opp dalen og mot Storsund og Hardangerfjorden. Det fine veret denne veka gjer at mange motorsager er å høyra.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal